



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Edvard Høgestøl, 55 57 20 45

Vår dato
03.10.2017

Vår referanse
2017/12000

Kommunane i Hordaland
v/Ordførarar, byråd, rådmenn og kommunaldirektørar
Hordaland Fylkeskommune v/fylkesordførar og fylkesrådmann
KS v/regionleiing
Samarbeidsråda v/dagleg leiar
Regionale Statsetatar v/regionale statsetatsleiarar

Staten møter kommunane 2017 - invitasjon

Nok ein gong er det ei glede å ønskje velkommen til samling på Solstrand Hotel og Bad. Årets samling finn stad 1. og 2. november, altså frå onsdag til torsdag denne gongen. Som vanleg varar samlinga frå lunsj til lunsj (sjølve programmet frå 13.00 til ca. 12.15). Endeleg program for samlinga vert ettersendt.

Vi har tinga 85 rom som vert fordelte etter påmelding. Prisen er kr 3.255,- for einskildrom. Prisen inkluderer frukost, trerettars middag, kaffimat og lunsj ankomst- og avreisedag (begge lunsjane er altså inkludert).

Vi ber om tilbakemelding innan **fredag 21. oktober**. Nytt fmhoeho@fylkesmannen.no som påmeldingsadresse.

Med helsing

Lars Sponheim

Edvard Høgestøl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.